

# Øystre Slidre Venstre

Kommuneval 2019 - 2023



Venstre er landets eldste partiorganisasjon.

Lokallaget i Øystre Slidre vart stifta 11/1 1884, nesten tre veker før Norges Venstrelag. Folket hadde lite å seia, og makta låg på få hender i den eigenrådige embetsstanden. I den fattige landbruksbygda Øystre Slidre sist på 1800-talet fann laget løysingar på felles utfordringar, ofte rundt jakt og fiske, vegar eller gardsdrifta. Venstre er stolte av å ha gjennomført historiske reformer, som parlamentarismen, religionsfridom, juryordninga og allmenn stemmerett. For Venstre-folk har det all tid vore viktige kampsaker. Vi vil ta eit tak for mellom anna skule og barnehage, sjuke- og eldreomsorga, miljø og klima, sosial utvikling, menneskerettar og vilkåra for småbedrifter og lokalt næringsliv.

## Ideologi

Venstre, eit sosialt liberalt parti, set menneske i sentrum. Venstre har sterkt tillit til skaparkrafta i menneska og har tru på at det i fellesskap er mogleg å leggje grunnlag for frie liv, over alt - for alle. Ansvaret for å ta vare på seg sjølv er like grunnleggjande som retten til fridom. Dei få som er ute av stand til å hand om seg sjølv skal få hjelp av samfunnet til å leva eit verdig liv.



Foto: Fred Kuyper

## Varig vern av Vinda

I november 2018 kom avslaget på konsesjonssøknaden om utbygging av elva Vinda, og elva vart spara denne gongen, mellom anna ved hjelp av Venstre sin innsats i regjering. Vi vil arbeide for å få Vinda inn i den framtidige verneplanen for vassdrag for å få eit varig vern av elva.

**Svein Erik Lunde**

No må alle gode krefter stå saman mot sentraliseringa vi ser i samfunnet. Hugs at det er distrikts-Norge som produserer mest og bidreg til velstanden vi har bygd opp. La ikkje lista over nedlagte statsinstitusjonar bli lengre enn den alt er.

Kommunestyret er det øvste kommunale organet, men kan delegerere mynde til administrasjon og politiske utval. Øystre Slidre bør sjå på nemndstruktur på nytt, for å auke politisk involvering.

Vi skal sikre ein effektiv, fleksibel og handlekraftig administrasjon, men vi må stoppe opp og sjå på om politisk nivå delegerer for mykje.

### Alice Gudheim



Øystre Slidre treng ei rettferdig, streng og føreseieleg forvalting av fjellområda. Planverket må koma beitebruk, sårbar natur, stølsdrift, deltids og faste innbyggjarar til gode framfor dei store utbyggjarane.

Det ligg mykje ubrukt potensiale for næringsutvikling i dei ressursane vi har aller mest av; kulturlandskap og urort natur.

Folka som bur her er elles den største ressursen vi har. Gode og inkluderande møteplassar for kultur og aktivitetar skapar sterke fellesskap og grobotn for trivsel, folkehelse og bulyst.



## **Lars Kristian Dalen**

Ei god og stabil legedekning er avgjerande for at innbyggjarane i Øystre Slidre kommune skal føle seg trygge. Her har kommunen lenge slitt med store utfordringar i rekrutteringa. Kommunen må tilby fastlønnsordningar for å sikre rekrutteringa av nye stabile legar til kommunen.

Å få sommarferien til å gå opp er utfordrande for småbarnsforeldre med barn i grunnskulealder. Dette gjeld spesielt innflyttarar utan familie i Valdres. Øystre Slidre kommune må innføre eit SFO/aktivitetsskuletilbod av høg kvalitet gjennom sommaren for å bli meir attraktive for småbarnsfamiliarar.

## **Trond Rogne**

Det er viktig med mindre papitarbeid og ein enklare kvardag for nyetableringar. Kommunen treng fleire næringstomter og arbeidsplassar innan alle felt, spesielt kultur.



## **Anna Cristina Steen Dalen**

Trygge oppvekstvilkår med godt fungerande barnehagar, skular, fritidsaktivitetar og nærmiljø er viktig for psykisk og fysisk god helse hjå barn og unge. Her kan vi gjera mykje førebyggjande på utfordringar kring helserelatert åtferd og kriminalitet. Vi må ikkje gløyme digital mobbing.

## **Ola Magnus Vatn Weisser**

Det trengs flere tilbud for unge, som for eksempel sjakk-klubb og «skole» for skate/sparkesykkel. Og så vil jeg at det blir tilrettelagt enda mer for gründere i Øystre Slidre.

## **Torger Hegge**

I samband med utbygging og auka trafikk er gangveg langs fylkesveg 51 ein viktig sak. I fyrste omgang å få fullført gangvegen frå

Beitostølen til Lidar skule. Dette vil auke trafikktryggleiken for ungar og vaksne, og på den måten bidra til auka folkehelse.

Ein bør arbeide for eit berekraftig landbruk, med aktiv bruk av stølsområde og utmarksbeite. Det er ein stor ressurs i kommunen vår. Ein bør også støtte opp om nydyrkning av jord i ei tid der jordvernet stadig blir sett på prøve.

### Tore Gran

Stortingsmelding, *LEVE HELE LIVET*, viser hva som må til for å bedre helse og trivsel for alle. Trim gir trivsel. Viktigst for eldre, særlig på «heimen». Dette forebygger tap av muskel- og benmasse. Det er vist at riktig trim kan gi betydelig reduksjon i medisinbruk. Har vi så dårlig råd at «heimen» må være så underbemannet? Og så bør vi huske at blikkontakt og et hyggelig ord koster lite i en travel hverdag, og at ledere bør inspirere til godt arbeidsmiljø. Stopp hyttebygging nord og øst for fv.51 på Beitostølen.

### Syver Hegge Blomlie

Det må bli lettare å skape arbeidsplassar i kommunen. Derfor må vi ha ein god kultur for å støtte gründarar og småbedrifter. Vi må gjera gode miljøval, som sikrar framtida for folk og den flotte naturen vår. Eit godt kulturtibod, særleg for barn og unge, må ha høg prioritet.

### Arne Nordås

Kommune og politikere må spille på lag med lokalt næringsliv, legge til rette for og inspirere til videreutvikling og nyetablering. Beliggenheten nær to nasjonalparker gir oss muligheter innen fjellbasert opplevelsesturisme, og det er også store vekstmuligheter når det gjelder kortreist lokal mat. Som turist- og landbrukskommune må vi jobbe hardere for å bevare våre unike stølsmiljøer.

